



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Hustadvika kommune

Dato: 26.11.2019

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **Søppelbrenning i Hustadvika**

Vi viser til vårt brev av 24.10.2019 om søppelbrenning i Malmedalen på gnr 65 bnr 1. Vidare viser vi til dykkar svarbrev av 29.05.2020 (dykkar ref 2020/3462-3).

*De skriv: «Ved omorganisering som et resultat av sammenslåingen til Hustadvika kommune har vi ikke pr. dags dato fått plassert forurensningsmyndighetsansvaret i kommunen. Dere vil motta et mer utfyllende svar så fort dette ansvaret har blitt plassert. Angående denne spesifikke saken har ikke brannvesenet noe hjemmel til å handle. Ulovlig søppelbrenning er brannvesenets sak så lenge det brenner, men etter dette blir saken lagt kommunens forurensningsmyndighet. «*

Vi er opptekne av kva som blir gjort etter at brannvesenet har sløkt avfallsbålet. Dette vere seg opprydding av avfallet og brannrestar, registrering i databasen for grunnforureining etc. Dette har vi også teke opp i møte med Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS seinast i møte 16.06.2020.

Vi har den 24.11.2021 hatt møte med RIR der tema var villfyllingar og brenning av avfall. Der fekk vi opplyst at det er RIR som i selskapsavtalen med medlemskommunane (sist endra 03.05.2019) har ansvaret for følgje opp oppryddinga av avfall (jfr § 8 Delegasjon av myndighet til selskapet): *« I medhold av Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 har selskapet, med mindre annet framgår av kommunalt vedtak, fått delegert myndighet til å ivareta følgende forpliktelser og eventuelt fatte enkeltvedtak på vegne av eierkommunene:*

*§ 37 om pålegg om å rydde opp i avfall eller betale for opprydding.»*

Sjå [https://www.rir.no/site/img/344/Selskapsavtale\\_vedtatt\\_repskap\\_03\\_mai\\_2019.pdf](https://www.rir.no/site/img/344/Selskapsavtale_vedtatt_repskap_03_mai_2019.pdf).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Dermed er oppfølging av brenning av avfall etter forureiningslova, slik som på gnr 65 bnr 1 i Malmedalen, eit ansvar som er delegert til RIR.

**Vi ønskjer ei tilbakemelding frå Hustadvika kommune om korleis kommunen følgjer opp dette. Vi ber også om å få opplyst kva som skjer vidare med den konkrete saka i Malmedalen.**

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:  
RIR  
Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal